



Hordaland fylkeskommune  
Personalavdelinga  
v/ Hanne S. Rundhovde  
Agnes Mowinckels gate 5  
5020 BERGEN

Dato: 15.01.2014  
Vår ref.: 2014/291-27  
Dykkar ref.:

## **Bruk av mellombelse tilsetjingar ved Åsane videregående skole.**

### **Bruk av mellombelse tilsetjingar ved Åsane videregående skole.**

Svar frå Åsane videregående skole om bruk av mellombelse tilsetjingar, prosjektstilling.

Helge Raknes er tilsett i eit prosjekt grunna sikkerheitstiltak for tilsette ved avdeling Fossane på Flaktveit.

Helge Raknes kom til Åsane vgs gjennom tiltak innan i NAV 01.04.2011.

Ved tiltakets slutt var det spørsmål om vi kunne sysselsette Helge Raknes framover.

Dette var vanskeleg sidan han ikkje har pedagogisk kompetanse.

Vi valte derfor å tilby han eit prosjektstilling som miljøfagarbeidar, grunna i sikkerheitstiltak for tilsette ved avdeling.

Avdeling Fossane er ei avdeling der innsette i fengsel som er ferdig med soninga, men framleis er i opplæring/oppfølging, har anledning til å få vidare opplæring/oppfølging. Også brukarar som er innsett i fengsel, men som får fri gong kan få opplæring på denne avdelinga.

På grunn av at dette er brukarar med belasta bakgrunn må det alltid må vera fleire tilsette i lokale for å ivareta sikkerheita. Dette har vi søkt om å få dekkja av kriminalomsorga.

På grunn av at det framleis er uklart om det er skulen eller kriminalomsorga som har ansvar for sikkerheita her, har vi valt å berre tilsetja Helge Raknes i prosjektstilling inntil at dette er avklart. Helge er førebels tilsett til 31.12.2016

Med venleg helsing  
Martin Risøy  
Rektor